



Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7967 - 22/94209

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
09.12.2022

Melding om utført endring av bygningstype - gbnr 147/18 Sellevoll

Viser til e-post med krav om endring av bygningstype datert 24.10.22, samt e-post med tilleggsopplysningar dat 15.11.22. De krev at bygningstypen vert endra frå 161 fritidsbustad til 111- einebustad.

Saka har vore vurdert etter plan- og bygningslova (PBL)av byggesaksavdelinga og er sendt kart- og oppmåling for vurdering etter matrikkellova.

Vurdering:

Opphavet til denne eigedommen er bustadføremål. Bustaden er bygd på slutten av 1930-talet og vart truleg bebudd fram til ny eigar tok over i 1954. Bustaden er registrert som våningshus Cælevold, i sefrakregistreringa i 1980 (dåverande bruk -sommarbustad).

Då bruken av eigedommen i svært lang tid (kanskje snart 70 år) hovudsakleg har vore fritidseigedom, er denne registrert som dette i eigedoms og bygningsregisteret. Søknad om avkøyring i 1989, er søkt som avkøyring til hytte.

Byggesaksavdelinga gav avslag på søknad om bruksendring til bustad i 2018, og det er nyleg gjort klart at endring til lovleg bustad her, krev ny søknad om bruksendring etter plan- og bygningslova. Når ein bygning har anna bruk enn opprinneleg bruk i så lang tid som tilfellet er her, kan oppattaking av slik bruk vera søknadspliktig, slik det er vurdert her. Dette går ikkje berre på kva bruk bygningen er eigna til, men går også på tilkomst, avkøyring, parkering og godkjende løysingar for vatn og avløp.

Registreringa i matrikkelen skal helst samsvara med det bygget er godkjent som etter PBL, men me skal også vurdere faktisk bruk. Ma pga at opphavet til bygget ligg så langt tilbake i tid, har vurderinga i denne saka vore vanskeleg.

I denne saka er det dokumentert mykje oppgradering av bygget og bukkvalitetane vert beskrive som gode for heilårsbustad. Det er beskrive at det er utført tiltak som etterisolering, nyerer sikringsskap, borehol for vatn og ny septiktank frå 2015. Matrikkelen skal ikkje vurdere alle tilhøve rundt bruken av bygningen, men me har her lagt vekt på opphavet til bygget, dokumentert god bustadard og faktisk bruk dei siste åra.

Konklusjon:

På bakgrunn av vurderinga etter matrikkellova er bygningstypen er endra frå 161-fritidsbustad til 111- einebustad. Bygningstypen for uthuset er endra frå type 181-uthus til fritidsbustad type182- til uthus til bustad.

Endringa er berre ei registrering i matrikkelen (bygningsregisteret) og medfører ikkje noko godkjenning av bruksendring etter PBL.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

May Lise Kismul
NGIR Forvaltning

Skarsvegen 549

5911

Alversund

Mottakarar:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918

FREKHAUG